



Arbeidstakarorganisasjonane v/HTV

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/778 - 14/8001

Saksbehandlar:

Kathrine Straumøy Brakstad

kathrine.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:

21.05.2014

## Referat frå kontaktmøte 06.05.2014

Til stades:

Naturviterne

NITO

Fagforbundet

Hans Kristian Dolmen

Harry Finseth

Kjersti Vikebø Nesse

Frå arbeidsgjevar møtte: Personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen

Organisasjonsrådgjevar Guro Osnes

Personalkonsulent Kathrine S. Brakstad

### Sak 1: Orientering frå arbeidsgjevar

a) Ny arbeidsgjevarstrategi

Det vert sak i Administrasjonsutvalet 04.06.14.

b) Etikksamling

22.10.2014 vert det Etikksamling på Nordhordland Folkehøgskule. Dette vert arrangert av prosjektgruppa i Saman om ein betre kommune.

c) Introduksjon for nytilsette

Samlinga vert gjennomført 13.06.

d) Ny NAV-leiar

Stillinga vert lyst ut 07.05.14 og er ledig frå 01.08.2014.

Det vil framleis vere ein leiar for kommune og stat.

e) Oppseiing leiar læring og utvikling

Leiar for læring og utvikling har sagt opp stillinga si.

Rådmannen vurderer ny organisering av tenesteområde før stillinga evt. vert lyst ut.

f) Brot i forhandlingane

KS har informert om at det er brot i forhandlingane.

Dersom det vert streik skal arbeidsgjevar motta liste om kven som vert tatt ut innan arbeidstidsslutt 21/5 og streiken startar 26/5.

Fagforbundet spurte om ein kan nytte kontorplass under ein eventuell streik, noko ein ikkje kan.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

## **Sak 2: Heiltid/deltid på tvers av tenesteområde**

Fagforbundet ønskjer fokus dette og stilte spørsmål om kven som har det overordna ansvaret. Personal- og organisasjonssjef svarte at dette skal vere eit fokus hos tenesteområdeleiarane. Men i ny organisering ser ein at det ennå er praktiske utfordringar kring koordinering av tilsetjingar på tvers av tenesteområda.

## **Sak 3: Intervju**

Organisasjonane ønskjer også at det vert gitt betre tid til førebuing til intervju. I nokre tilfelle har det vorte gitt svært korte fristar.

Det var ein kort refleksjon om dei tillitsvalde si rolle i intervjuprosessen.

Organisasjonane synes den nye organiseringa har gjort det vanskelegare å utføre rolla som hovudtillitsvaldrolla.

## **Sak 4: Ny lov om auka stilling frå 1/1-14**

Fagforbundet stilte spørsmål om arbeidsgjevar var merksam på den nye lova som tredde i kraft frå 1/1-14 som gjer at ein får rett til auka stilling dersom ein kan dokumentere meirarbeid, etter definerte krav, over dei siste 12 månadane.

Arbeidsgjevar er klar over dette, og vil sende ut ny påminning til tenesteområdeleiarane.

## **Sak 5: e-post på heimesida**

Linken som fleire nyttar for å lese e-post heime frå er ute av drift.

IKT-kontakten, Per Inge Olsen, arbeidar med saka og har ansvar for oppfølginga.

Med helsing

Kathrine Straumøy Brakstad  
personalkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Ingvild Hjelmtveit  
Kari Anne Iversen  
Guro Osnes

**Mottakere:**

Arbeidstakarorganisasjonane v/HTV